

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 05.09.2018

Vår ref.: 201407141-5

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Tord Solvang

22959248/toso@nve.no

Høyring av søknad om løyve til å byggje Sagaelva kraftverk i Flora kommune i Sogn og Fjordane fylke

NVE har motteke ein søknad frå Flora kommune, datert 31.5.2018, om løyve til å byggje Sagaelva kraftverk i Flora kommune.

Sagaelva kraftverk vil nytte eit fall på 330 m i Sagaelva med inntak på kote 335 og kraftstasjon på kote 5. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2200 m lang elvestrekning i Sagaelva. Vassvegen blir om lag 2250 m og skal utførast som nedgraven røyrgate. Det er planlagt mellombels anleggsveg langs røyrtraseen. Middelvassføringa i Sagaelva er berekna til 680 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1360 l/s. Kraftverket får ein installert effekt på 3,6 MW og vil etter planane gje ein årsproduksjon på om lag 9,1 GWh. Det er planlagt slepp av minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring på 32 l/s heile året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Sagaelva kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredninger etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Flora kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på rådhuset i Florø fram til **19.10.2018**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **19.10.2018**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor Middelthunsgate 29 Postboks 5091, Majorstuen 0301 OSLO	Region Midt-Norge Abels gate 9 7030 TRONDHEIM	Region Nord Kongens gate 14-18 8514 NARVIK	Region Sør Anton Jenssensgate 7 Postboks 2124 3103 TØNSBERG	Region Vest Naustdalsvegen. 1B 6800 FØRDE	Region Øst Vangsvæien 73 Postboks 4223 2307 HAMAR
------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------	--------------------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Tord Solvang
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Kopi av kunngjering
 Orientering til høyringspartane

Mottakerliste:

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Flora kommune
Flora Turlag
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Kystverket
Mattilsynet
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Norges Miljøvernforbund
SFE NETT AS
SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Kopi til:

Flora kommune v/Katrine Bjerck Reksten iVest
Consult AS v/Trygve Riste